

Rettleiing for brukargodkjenning i transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne i Vestland (TT-ordninga)

TT-ordninga er eit tilbod til innbyggjarar i Vestland som på grunn av varig sjukdom eller nedsett funksjonsevne ikkje kan nytta det ordinære offentlege kollektive rutetilbodet. Transportordninga skal dekke fritidsreiser. Reiser til og frå arbeids- og utdanningstilbod, lege, sjukehus eller anna behandlingstilbod er føresett dekke av andre stønadsordningar.

Søkjaren må ha sjukdom eller nedsett funksjonsevne som i hovudregel varer i minst 2 år. Ein vert godkjent som brukar for 2 eller 10 år om gongen. I særskilde høve kan det gjevast godkjenning for eitt år.

Det er berre forflytningsevna som vert lagt til grunn ved vurderinga, uavhengig av den einskilde sin sosiale og økonomiske situasjon. Manglande rutetilbod vert ikkje vektlagt. Vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og busstopp, eller bratte bakkar/lang veg til busstopp vert som hovudregel ikkje vektlagt.

For å bli definert som blind/sterkt svaksynt må ein ha visus med korreksjon på begge auga som er 6/18-del (0,33) eller mindre. Legeerklæring må fyllast ut av augelege, eller det må leggjast ved dokumentasjon frå spesialist.

For å bli godkjent som fylgje av psykisk sjukdom må søkjaren ha hatt brei og langvarig kontakt med behandlingsapparatet og ha diagnose som omfattar alvorleg psykisk lidning. Det må dokumenterast at søkjaren på grunn av sjukdommen ikkje kan nytta offentlege transportmiddel, eller at sjukdommen blir vesentleg forverra ved å nytta slik transport. Resultat av busstrening bør leggjast ved søknaden.

Når det vert søkt om godkjenning grunna Alzheimers/demens må det opplysast om resultat av MMS test eller tilsvarande i legeerklæringa.

Ved nedsett lungekapasitet må resultat av spirometriundersøkelse med FEV1 i % opplysast om i legeerklæringa.

Legeerklæringa er gyldig i 6 månader.

LEGEERKLÆRING

Transportordninga er eit ikkje lovfesta tilbod til personar:

1. Som **ikkje kan** nytte vanleg rutetransport
2. Med nedsett mobilitet/sjukdom som hovudregel vil vare i meir enn 2 år
3. Som hovudregel er fylt 10 år og heimehøyrande i Vestland

Alle felte må fyllast ut

 Søknaden gjeld: Ny søknad Fornya søknad Søknad om høgare kvote

Fornamn		Etternamn		Fødselsnummer 11 siffer (MÅ fyllast ut)	
Adresse		Postnummer		Poststad	
Kan søkjar nytte offentleg transport i dag?		Kan søkjar utan hjelp ta seg inn i ein buss?			
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Av og til		<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Av og til			
Type funksjonshemming:					
<input type="checkbox"/> Blind/sterkt svaksynt (0,33) Visus må oppgjevast		<input type="checkbox"/> Sjukdom i terminal/ palliativ fase		<input type="checkbox"/> Avhengig av kunstig surstofftilførsel	
H:		V:			
Avhengig av følgjande hjelpemiddel:					
<input type="checkbox"/> Krykke/stokk		<input type="checkbox"/> Manuell rullestol		<input type="checkbox"/> Elektrisk rullestol	
		<input type="checkbox"/> Rullator		<input type="checkbox"/> Anna	
Diagnose:					
Utfyllande skildring av funksjonshemming med årsak til kvifor offentleg transport ikkje kan nyttast:					
Søkjaren kan ut frå ei medisinsk vurdering:					
<input type="checkbox"/> Ikkje nytte offentleg transportmiddel		Søkjar sin maks gangdistanse: _____ meter			
<input type="checkbox"/> Nytt offentleg transportmiddel med <i>stort</i> problem					
<input type="checkbox"/> Nytt offentleg transportmiddel med <i>noko</i> problem					
Kva type transport vert det søkt om?		<input type="checkbox"/> Vanleg drosje		<input type="checkbox"/> Spesialbil for rullestol	
Er tilstanden varig?		<input type="checkbox"/> Ja		<input type="checkbox"/> Nei, venteleg vare: _____	
Dato og stad		Legen si underskrift og stempel		Telefonnummer	